

Kontrollutvalet i
Sauda kommune

KONTROLLUTVALET SI
ÅRSMELDING
FOR 2010



1. INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2007-2011 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemer

Henrik Kleveland - leiar
Wenche Pleym - nestleiar
Inge Løyning

Varamedlemer:

1. Ingvar Hagen
2. Bente Rafdal

Wenche Pleym er medlem av kommunestyret.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2010

Kontrollutvalet har i 2010 hatt 4 møte fordelt på to møte første halvår og to møte andre halvår og utvalet har handsama 18 saker:

01/10	Godkjenning av protokoll
02/10	Referatsaker
03/10	Nytt økonomisystem
04/10	Årsmelding for kontrollutvalet 2009
05/10	Ungdomsskule stenging av bygg
06/10	Brannvaktskolen i Sauda kommune
07/10	Godkjenning av protokoll
08/10	Referatsaker
09/10	Uttale til kommunerekneskapen for 2009
10/10	Ungdomsskule stenging av bygg
11/10	Godkjenning av protokoll
12/10	Referatsaker
13/10	Nytt økonomisystem - status
14/10	Budsjett kontroll og tilsyn 2011
15/10	Presentasjon av overordna revisjonsplan 2010
16/10	Godkjenning av protokoll
17/10	Referatsaker
18/10	Sal av kommunal næringstomt

1 av medlemene vart kjent inhabil i handsaming av sak 18.

Møta i kontrollutvalet er haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova § 77 nr 8.

Inge Løyning og Henrik Kleveland deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 02.-03.06.10 og alle medlemmene deltok på Rogalandskonferansen for kontrollutval i Sandnes 04.11.2010.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom å sjå til at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Kontrollutvalet har handsama kommunerekneskapen og hamnerekneskapen for 2009 og har gitt sin uttale til rekneskapane til kommunestyret.

Skatterekneskapen for 2009 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet har kommunestyret godkjent plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2008-2011.

Det har ikkje vore avgjort nokon formell forvaltningsrevisjon i 2010. Utvalet har dette året hatt ein gjennomgang av ikt-samarbeidet i Ryfylke med serleg vekt på nytt økonomi-system.

Kontrollutvalet har tinga ein forvaltningsrevisjon av kommunen si forvaltning av eigedomsmassen sin, avgrensa til tildeling/sal og kjøp av industritoromter.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg også kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Kontrollutvalet har lagt fram sitt framlegg til plan for kommunestyret, som godkjende planen i samsvar med kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført selskapskontroll i kommunalt eigde verksemder dette året.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Sauda kommune er med i ei interkommunal revisjonsordning (interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27) saman med kommunane Bokn, Etne, Karmøy,

Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i møta i utvalet og revisor har deltatt på alle kontrollutvalet sine møte i 2010.

Sauda kommune har inngått avtale med Haugaland kommunerevisjon om revisjonstenester som gjeld fram til 31.12.2011. I 2009 vart det etter initiativ frå styret i Haugaland kommunerevisjon lagt fram sak om samanslåing med Indre Hordaland revisjonsdistrikt til eit nytt samarbeid om kommunerevisjonen i selskapet Kommunerevisjon Vest. Kontrollutvalet har handsama saka og sendt si innstilling om å godkjenna vedtekten for det nye selskapet til kommunestyret. Kommunestyret har handsoma saka i 2010 og godkjent kontrollutvalet si innstilling.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsoma hausten 2010 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2011. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine eigne utgifter på kr 526 932.

4.6 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2010 ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgs-sekretariat IKS.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten har i 2010 vore normal med omsyn til møteaktivitet og saker.

Sauda, 22. februar 2011

Henrik Kleveland
Leiar
(sign)

Wenche Pleym
(sign)

Inge Løyning
(sign)